

Til:  
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
v/ Sakshandsamar Tor Carlsen  
0301 Oslo

Frå:  
Åsmund Kåre Rørvik  
Eigar av 143/31 og 143/85  
Onarheimslio 216  
5460 Husnes

## **20230331 - Høringsuttale 202207831 - Onarheim Trafo**

### **Generelle merknader**

Underteikna bur på garden Lyngstad rett sør for den omsøkte trafostasjonen. Våningshuset er næraste bustad til trafostasjonen. Vi vil i samband med trafoen få nye 300/420 kV liner godt synleg både aust for, nord for og ikkje minst vest for bustaden og garden.

At Noreg treng å fornya og oppgradera høgspennettet er heilt klårt. Dette fører til mange nye prosjekt frametter og potensielt store konflikter mellom Statnett og innbyggjarane vedrørande natur- og kulturinngrep. Det er svært viktig at Statnett og NVE tek turvande omsyn til dette.

Statnett har i prosessen fram til denne konsesjonssøknaden vore i tett dialog med meg og det har vore utveksla dokumentasjon begge vegar. Statnett har vore lydhøyre og freista gjera små, enkle endringar som i sterk grad m.a. ville sikra bevaring av viktige kulturminne. Eg vil særleg framheva den positive framferda til grunneigarkontakt Lars Erik V. Lauritsen.

Diverre har seinare innspel frå administrasjonen i Kvinnherad kommune fått gjennomslag i den føreliggjande konsesjonssøknaden, noko som vil føra til store negative konsekvensar for kulturminne og naturopplevinga i Husnesområdet. Det vil og føra til store meirkostnader for Statnett både no, og ikkje minst ved framtidig oppgradering av 300kV lina mot Stord til 420kV. Diverre inneheld og konsesjonssøknaden noko mangelfull informasjon og ein direkte feil vedrørande kultur og miljø.

Nedanføre er det gjort greie for fire kommentarar/endringsframlegg eg har til søknaden.

### **1 - Lineføring mot Stord/Børtveit må følgja alternativ 1**

På side 18/19, figur 5 er det gjort greie for alternativa. Alternativ 1 var det første alternativet og er klårt beste både av omsyn til miljø, no-kostnad og framtidig kostnad ved oppgradering til 420kV av sambandet til Stord.

Framlegg: Den nye lina etter alternativ 1 vert bygd etter norm for 420kV nordover, aust for, og langs grensa til Hydro. Vinklar mot vest til ny mast på det utfylte industriområdet aust for båthamna. Her vert det samstundes bygt/førebudd muffeanlegg for ny sjøkabel vestover mot Stord. Mellombels line vert vidareført her frå til eksisterande mast nordvest for båthamna. Den eksisterande 300kV frå Hydro vestover mot Stabburshaugen byggefelt, nordover golfbana og tvers over bustadområde og Husnes Båthamn vert fjerna fram til masta nord for båthamna. Når ny kabel til Stord er etabler vert masta nord for båthamna og lina over Bogsnes fjerna.

Dette har følgjande fordelar:

Ei stygg kraftline i sentrum av Husnes og over ein av Noregs finaste båthamner ver fjerna.

Det planlagde skjemma muffeanlegget i golfområdet midt i innkøringa til Husnes sentrum vert ikkje noko av.

Statnett vil umiddelbart spara i storleik 20 MNOK ved denne løysinga.


Enno viktigare er at Statnett ved å velje denne løysinga slik eg gjer framlegg om førebur ei langt rimelegare og enklare oppgradering av lina mot Stord. Her snakkar vi truleg om å spara 3-sifra millionbeløp og spara natur og miljø i Husnes-område for særns omfattande nye inngrep. Krav om denne oppgraderinga mot vest vil truleg koma tidlegare enn vi trur i dag.

I konsesjonssøknaden kan ein i SWECO sin rapport (7-19) figur 6 lesa under bildet «*Mastene langsmed østsiden av Onarheimshaugen er planlagt fjernet i forbindelse med tiltaket.*

*Sett fra Fv44 ved sørenden av Sørø. Bilderetning nord. Foto: Sweco»*

Dette er direkte feil, men har vorte oppfatta som positivt av lokalsamfunnet og politikarar. Eg finn det svært graverande og skuffande at viktige moment for vurdering av søknaden på denne måten vert feil framstilt av konsesjonssøkjjar. I ein omfattande og komplisert søknad festar mange seg ved bileta og teksten under dei.

Under er framlegget mitt freista illustrert.



Figur 5: Utredete alternativ for omlegging av Børtveit-ledningen

## 2 - Nye, doble liner frå trafo til Hydro bør leggjast i kabel.

Dei nye linjene frå trafostasjonen til Hydro vil verta særns skjemmande sett frå bustaden og tunet på Lyngstad og også sett frå Onarheimslie 220 i tillegg til sett frå Husnes sentrum og Husnesparken. Det har vore diskutert fleire gonger om det var mogeleg å leggja desse i kabel eller senka mastehøgden (eit mastepar i tillegg). Dette har ikkje vore mogeleg å få gjennomslag for av kostnadsomsyn.

Dersom ein vel det omsøkte alternativet med å behalda noverande 300kV line vest for Hydro mot Stord skal det leggjast kabel frå trafostasjonen til sør-vest om Hydro. Fagne skal og leggja kabel i denne retninga frå sin trafostasjon. Eit av alternativa som har vore lufta av Statnett for ny lineføring til Stord har vore kabel gjennom Opsangervatnet.

Ein lyt her vurdera om det i dette tilfellet vil vera rett å laga støypt kulvert frå trafostasjonen til Hydro, sløyfa dei to luftlinjene, og samla alle kablar i kulverten. Kulverten bør ha plass til framtidig 420kV kabel som evt. vert vidareført gjennom Opsangervatnet.

### **3 - Det må setjast strenge krav til støy både i anleggsperioden og seinare drift.**

Som ein av dei næraste naboane til tidlegare Sørøal, no Hydro, har vi frå 60-talet til i dag kunne vorte eksponerte for uønskt støy. Dei få tilfella som har førekome har snøgt vorte teke hand om av al-verket. Dei har heile tida gjennomført omfattande miljømålingar, inkl. støy. Vi har vore og er særst godt nøgde med dette.

Vi ber difor om at det vert sett strenge krav til støy frå den nye trafoen.

Eit særst viktig punkt for oss er at det også vert sett strenge krav til støy i den omfattande anleggsperioden vi snart går inn i. Her er det viktig at tidsrom for støyande anleggsaktivitet vert avgrensa til normal arbeidstid på dag og med anleggs-stopp på søn- og helgedagar.

Det er og viktig at skogbeltet mellom bustadane og trafoen vert ståande som skjerming.

### **4 - Trafostasjonen må flyttast 50-100m nordover slik at viktige kulturminne ikkje vert rasert.**

I dialogen med Statnett har dette vore eit viktig punkt. Statnett var imøtekomande på dette slik eg oppfatta det. Mange løysingar har vore lufta, men i søknaden som føreligg vil dette viktige kulturminne verta rasert, ikkje av sjølve trafo-området, men av tilførselsvegen.

Heile elvedalen med gamle murar, fundament, dam og gamal bru vil verta liggjande under ei stor vegfylling

Ved å flytta heile trafo-området 50-100m nordaustover vil ein kunna leggja tilførselsvegen på nordsida av kulturminneområdet. Eg kan ikkje sjå at dette vil medføra auka kostnad eller ha andre ulemper for Statnett (eller Fagne).

Det vil i tillegg spara mykje av eit viktig naturtypeområde slik SWECO skriv i si oppsummering: *«Planlagt transformatorstasjon vil berøre naturtype kystmyr i stor grad (jf figur 7). Dersom tiltaket utføres som vist i figur 1, vil denne lokaliteten bygges ned. For å ivareta naturverdiene i området kan tiltaket plasseres lengre nord, altså nord for myrområdet og tursti.»*

Nedanføre finn de m.a. noko av dokumentasjon eg tidlegare i prosessen har sendt Statnett om dette. Når det i SWECO sin rapport vert skriva «*I elven ligger en stemme/demning og rester av oppmurte fundamenter der det tidligere kan ha stått en sag eller en mølle.*» kan ein undrast om Statnett har vidareformidla denne dokumentasjonen. Det har stått både dammar, sag og møller der. Denne dokumentasjonen vart også sendt Kvinnherad Kommune som del av mitt høyringsdokument vedrørande Grøn Næringspark.

Husnesområdet vart fullstendig snudd opp ned på 60-talet då Sørøal og infrastrukturen for eit heilt nytt samfunn vart etablert. Mange hus og heimar måtte fjernast, terrenget vart omforma og kulturminne etter tidlegare liv og aktivitetar forsvann. Område de finn omtala nedanføre er eit av dei få stadene ein i dag kan finna spor av industriell aktivitet på Husnes i gamal tid. Det må takast vare på.

Området har vore nytta til industriell utnytting av vasskraft i svært lang tid, i alle høve sidan 1500-talet. Frå denne tida skal det finnast skriftlege kjelder.

Langs Ondarheimselvo låg det tidlegare fleire dammar, sager og møller i dette området. Elva var då langt større enn i dag. Elva frå fjellet delte seg ved Tungene (der SKL no planlegg nytt kraftverk) med ein del til Helland og ein del til Ondarheim. Ved utbygginga av al-verket vart greina til Ondarheim stengt slik at alt vatnet no renn til Helland.

Det seiast at gardane på Helland og Ondarheim i gamal tid «hadde vatnet kvar si veke». Der elva delte seg kunne ein leia alt vatnet enten til Helland eller til Ondarheim. Den urgamle demmegarden ved Svartavatnet laga av «austmenn» spela og ein viktig rolle i denne tida. Svartavatnet tente som hovudmagasin. I turre periodar vart det opna for å tilføra vatn til sager/møller både i Hellandselvo og Ondarheimselvo.

Det var også enklare, mindre dammar av trestokkar/stein nedstraums ved utløpet av Sundstølsvatnet og utløpet av Bremstølsvatnet for å kunna nytta desse som tilleggsmagasin. I Bremstølsvatnet er framleis botnstokken i dammen synleg

På kartet på neste side er det teikna inn fire stader det var vassdriven verksemd i området som no kan verta øydelagt.

Nedst, like oppom noverande veg inn til Hydro, heitte det Hansasago og Lundasago. Her er ingen synlege spor i dag. Lenger oppe der fallet er størst låg Ondarheimssago der det framleis er synlege restar etter dam, mølle og sag. Her er og ei intakt gamal steinbru over øvste delen av dammen. 50 m lenger oppe langs elva låg Abelsdammen med tilhøyrande mølle/sag. Der er framleis restar etter dammen.

Ondarheimssago med dam, halvtekkja over sagbenken og rennesystem til sag og mølle var intakt til utpå 1960-talet. Møllebygget var då fjerna, visstnok øydelagt i ein storflaum, men byggfundament og mange flotte møllesteinar låg der. Møllesteinane forsvann fort frå staden i anleggstida 1963-65.

Heile området med dam, rennesystem, møllefundament og sag vart kjøpt opp av Sørøal då dei etablerte seg og forfall fort etter dette. No er mest alt treverket i rennesystemet og ved saga borte, men det står framleis fleire rustne sagblad der og delar av kvernkallen.

Rennesystemet var slik at ein kunne dirigera alt vatnet anten til mølla eller saga, eller opna ei luke i botn slik at det rann rett ned i fossen.


Både mølla og saga var truleg i bruk til utpå 50-talet. Eg hugsar så vidt at far min slepte vatn på saga og viste meg korleis dei brukte ho med benk dei kunne sveiva fram og attende med stokken oppå. Staden og sagehuset var ein ynda leikeplass for oss gutungar, men vi våga aldri starta saga...

Det vart saga både til eige bruk og leigesaging for andre. I notisbøker frå 1860-talet eg har er det ført opp at NN har fått saga så og så mykje, men har fått utsett betaling til dei er attende frå fiske.

Det er eit paradoks at dette området, som i gamal tid hadde stor «grøn industri» som nytta energien i rennande vatn som grunnlag for si verdiskaping, no har ei av verdast mest avanserte energiforedlande verksemdar med grunnlag i energien i vasskrafta som næraste nabo. Vert planane om grøn næringspark og nye trafostasjonar realiserte vert ikkje paradokset mindre!

*Koordinatar WGS84:*  
59,86N 5,77Ø

Kart:



Kart over område som må bevarast - dam-sag-mølle-turveg



Abelsdammen - berre botnstokken er att

*Onarheimssago og mølla - teikna på 40-talet – rennesystemet var intakt til 60-talet – saga kan skimtast nede til venstre*





*Onarheimsmølle og rennesystem sett frå nord*



*Restar av sagblad, sagbenk og fundament*





*Restar av sagblad, sagbenk og fundament*



*Bru over Onarheimselvo i øvste del av sagedammen for transport av tømmer til saga frå sør-aust.*



*Fundament etter møllehus*



*Restar etter inntaksdam til rennesystem 1*



### *Restar etter inntaksdam til rennesystem 2*

Det bør i staden for å fylla over heile dette området vurderast ny oppsetjing av sagehus-møllehus-rennesystem og restaurering av dam.

Dette kunne vore samarbeidsprosjekt mellom store verksemder, både energiproduserande og energiforedlande, frivillige organisasjonar, skule/undervisningsinstitusjonar og andre.

Dette er eit viktig kulturminne som saman med naboane Hydro Husnes, Statnett, Fagne og framtidig grøn næringspark viser kontrast og samanheng mellom gamal og ny foredling av rein vassenergi.

Vonar at NVE vurderer desse innspela og kommentarane og tek dei til følge.  
Eg ser fram til attendemelding!

Mvh  
Åsmund Kåre Rørvik  
93044044  
Onarheimslio 216  
5460 Husnes